



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FA-U63
Arkivsaksnr: 18/1597	Løpenr: 19/990
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	21.02.2019	004/2019

Skjenkeløyve - "Alpinisten" i Eikedalen skisenter - Nitter Nordlinder AS

21.02.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Det vert ikkje gjeve løyve til servering av alkohol i området til Eikedalen Skisenter. Dette vert grunngeve med tryggleiken og sikkerheita i skianlegget, samt dei ordensmessige utfordringane politiet vil kunne få, som følgje av overstadig rusa personar. Ein viktig faktor i denne vurdering er den frå politiet, som er synet på området som eit rekreasjonsområdet for barn og unge, og ikkje minst for barnefamiilar generelt. Politiet si grunngeving er god nok til å seia nei."

Martin Haugen bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte Monica Tjønnå det første framlegget sitt, og sette i staden fram følgjande nye framlegg:

"Søknaden vert ikkje imøtekomme.

Dette vert grunngeve med tryggleiken og sikkerheita i skianlegget, samt dei ordensmessige utfordringane som kan oppstå, med tanke på beredskap, som følgje av overstadig rusa personar."

I røystinga vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot Monica Tjønnå sitt framlegg. Rådmannen sitt framlegg fekk 13 røyster og Monica Tjønnå sitt framlegg fekk 7 røyster.

For rådmannen sitt framlegg	For Monica Tjønnå sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Bjarte Linga (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Sture Tveit (H)
Lena Tveit (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Martin Haugen (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Roger Urås (A)	Vidar Tveiterås (A)
Harald Boge (A)	Brigt Olav Gåsdal (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	

Jon Magne Bogevik (Uavh)	
Nils Aadland (A)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	

KS- 004/2019 Vedtak:

Nitter Nordlinder AS (org.nr: 921 440 413) får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1, 2 og 3 jf. Alkoholforskriften §1-1) i Eikedalen skisenter AS (org.nr: 931 921 568) sitt lokale «Alpinisten» i Kråvegen 108, 5650 Tysse.

Løyvet gjeld:

- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1 og 2) frå kl. 12:00 – kl. 22:00.
- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 3) frå kl. 13:00 – kl. 22:00 (jf. Al.§4-4 4.ledd).
- eit avgrensa uteområde/ terrassen utanfor lokalet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Nitter Nordlinder AS (org.nr: 921 440 413) får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1, 2 og 3 jf. Alkoholforskriften §1-1) i Eikedalen skisenter AS (org.nr: 931 921 568) sitt lokale «Alpinisten» i Kråvegen 108, 5650 Tysse.

Løyvet gjeld:

- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1 og 2) frå kl. 12:00 – kl. 22:00.
- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 3) frå kl. 13:00 – kl. 22:00 (jf. Al.§4-4 4.ledd).
- Eit avgrensa uteområde/ terrassen utanfor lokalet.

Dokument som er vedlagt:

Uttale frå Politiet - skjenkeløyve Eikedalen
 Uttale frå Skatteetaten - skjenkeløyve Eikedalen
 Uttale frå NAV Samnanger - skjenkeløyve Eikedalen
 Teikning "Alpinisten"
 Kartutsnitt - Kråvegen 108
 Bilete terrasse og kafeteria

Dokument som ikkje er vedlagt:

Alkoholloven med forskrifter
 Søknad med vedlegg

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune har motteke søknad om nytt kommunalt skjenkeløyve for alkoholhaldig drykk frå Nitter Nordlinder AS (org.nr: 921 44 413) v/ Anca Mihaela Nitter.

Styrar for skjenkeløyvet (jf. Al §1-7 c) og dagleg leiar for verksemda (jf. Al §1-7 b) :
 Anca Mihaela Nitter (f.22.11.1983).

Stedfortreder for styrar (jf. Al §1-7 c) :
 Børge Nordlinder Nitter (f. 17.05.1970).

Søkjjar har lagt fram dokumentasjon på at både styrar og stedfortreder har gjennomført og bestått kunnskapsprøve i alkoholloven. Børge N. Nitter har også fullført 15 timar kurs i vekteropplæring trinn 1 hos Securitas AS.

Eigartilhøve lokalet «Alpinisten» i Kråvegen 108, 5650 Tysse:
 Eikedalen skisenter AS (org.nr: 931 921 568).

Sentrale personar/ eigarinteresser (AI §1-7b):
Fredrik Tønjum (f. 1970).

Skjenkeløyvet er meint å gjelde i øvste etasje i lokalet til Eikedalen skisenter AS «Alpinisten» og på den tilhøyrande terrassen i Kråvegen 108 i Samnanger kommune. Dette bygget er eit servicebygg med kafeteria i øvste etasjen og billettsalg, kontor, skiutleige, toalett og oppbevaringsboksar i underetasjen.

I søknaden er kafeteriaen omtalt som Eikedalen cafe og restaurant.

Nyleg bygde Eikedalen skisenter AS ein ny garasje med takterrasse som er knytt til «Alpinisten». I søknaden er utearealet/ terrassen omtalt som Eikedalen cafe og restaurant terrasse. Søkjar opplyser om at kafeteriaen er på 400 m² og rommar 160 sitjeplassar og 40 ståplassar og at terrassen er på 260 m² og rommar 40 sitjeplassar og 20 ståplassar.

Det vert søkt om følgjande skjenketid:

Gruppe 1 og 2: kl. 09:00 – 22:00

Gruppe 3: kl. 12:00 – 22:00

I tillegg kjem fortæringstid på ½ time (jf. alkoholoven § 4-4.6.ledd)

Vurderingar og konsekvensar:

Kommunestyret har tidlegare i kommunestyreperioden gjeve skjenkeløyve i Eikedalen skisenter.

Søknad om skjenking i lokalet «Varmestova» frå RS Sikkerhet AS vart handsama i kommunestyremøte 15.12.2016 (KS sak 103/16) og påfølgjande klage på løyve vart handsama 16.03.2017 (KS sak 007/17). Kommunestyret gav skjenkeløyve i eitt år som ei prøveordning.

I kommunestyremøte 16.11.2017 (KS sak 047/17) vart det på nytt handsama søknad om skjenkeløyve i «Varmestova» i Eikedalen skisenter. Kommunestyret gav løyve som gjeld ut gjeldande løyveperiode (til og med sep. 2020).

I framlegg til vedtak har rådmannen sett frå eit forslag som tilsvargar løyvet som kommunestyret gav i Eikedalen skisenter hausten 2017 i sak 047/17.

Uttalar

Administrasjonen bad den 22.01.2019 om uttale frå Skatteetaten, NAV og Politiet jf. alkoholoven §1-7b og c.

Den 29.01.2019 mottok kommunen uttale frå Skatteetaten og 01.02.2019 uttale frå NAV Samnanger. Ingen av dei to etatane hadde merknader til søknaden frå Nitter Nordlinder AS.

Den 13.02.2019 mottok kommunen uttale frå Vest politidistrikt v/ lensmann Terje Sperrevik.

I uttalen konkluderer politiet med at området i Eikedalen skisenter er eit rekreasjonsområde for barn og unge og barnefamiliar. Dei ordensmessige utfordringane etaten kan komma til å få, som følgjer av overstadig rusa personar, samt tryggleiken i skianlegget vert trekt fram i uttalen.

Politiet frarådar kommunestyre om å gje skjenkeløyve i området til Eikedalen skisenter.

Skjenkearealet

Det vert søkt om skjenking av alkohol i kafeteriaen i Alpinisten samt på den tilhøyrande terrassen. Sjå bileta i vedlegget.